

Lykkeliten Barnehage  
Leitet 3  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 17/1728 - 19/2578

Saksbehandlar:  
Astrid Namtvedt Sylta  
syas@lindas.kommune.no

Dato:  
08.02.2019

## Rapport frå tilsyn i Lykkeliten barnehage 24.01.2019

Det er barnehagen / barnehageeigar som er målgruppa for tilsynsrapporten. Rapporten skal beskrive tema for tilsynet, formidle dei rettslege krava, kva vi har undersøkt, våre vurderingar og kva vi har konkludert med.

### Tema for tilsynet

Det er gjennomført tilsyn med Lykkeliten barnehage der temaet var:

- Barnehagelova § 2: *Barnehagens innhold*

Tilsynsmynde vil særleg ha fokus på punkt 2 *Ansvar og rollar* i Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver.

- Barnehagelova § 7: Tilsynsmynde ønskjer ein gjennomgang av barnehagen sine vedtekter.

Tilsynsmynde har vurdert om barnehagen har ei drift som er lovleg og forsvarleg i høve til Barnehagelova § 2 og forskrift.

Før tilsynet vart gjennomført ba rådmannen om å få tilsendt følgjande dokumentasjon:

- Gjeldande vedtekter
- Oversyn over bemanning, årsverk, kompetanse mv.
- Oversyn over barn, alder og opphaldstid
- Plan for gjennomføring av spesialpedagogiske tiltak
- Implementering av ny rammeplan
- Kompetanseplanar

### Formålet med tilsyn/rettslege krav

#### § 16. Tilsyn

Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov.

*Kommunen kan gi pålegg om retting av uforsvarlige eller ulovlige forhold ved godkjente eller godkjenningspliktige virksomheter. Hvis fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller hvis forholdet ikke lar seg rette, kan kommunen vedta tidsbegrenset eller varig stenging av virksomheten. Kommunens stengingsvedtak skal sendes fylkesmannen til orientering.*



*I stedet for eller i tillegg til stenging av virksomheten, kan kommunen bruke økonomiske reaksjoner overfor ikke-kommunale barnehager dersom krav etter § 14 a, eller forskrift i medhold av samme bestemmelse, ikke er overholdt.*

*Vedtak om retting og stenging og vedtak om anvendelse av økonomiske reaksjonsmidler kan påklages til fylkesmannen.*

Tilsynet er dei aktivitetar som kommunen utøver for å sikre seg at barnehagen vert driven i høve til krav i Barnehagelova og forskrift. I tillegg til å kontrollere om lovverket vert følgt, er det eit tilsynsansvar å gjere faglege vurderingar og gje rettleiing. På nokre område gjev lova detaljerte føringar, medan det på andre område er ope for skjønn.

I tilsynsoppgåva ligg det at det skal førast kontroll med at barnehagane følgjer gjeldande regelverk, og at det vert gitt reaksjonar når ikkje krav vert oppfylte.

Rapporten omhandlar resultat frå tilsynet som var meldt 10.01.2019 og som var gjennomført 24.01.2019.

### Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført ved å hente inn og vurdere dokumentasjon. Det er også gjennomført synfaring i barnehagen og intervju / samtale etter oppsett plan.

Oversikt over personer som tilsynsmynde hadde samtale med:

Namn	Stilling
Kristin Alver Horne	Pedagogisk leiar, småbarn
Katy Bergetun	Pedagogisk leiar, store barn
Cathrine Taule	Styrar
Anne Mari Arnesen	Eigar

### Våre vurderingar

I tilsynsbesøket møtte mynde leiinga i barnehagen. Tilsynet starta med samtale / orientering i plenum, etter det var det samtale med kvar enkelt.

Både eigar og styrar presiserte at Lykkelen er ein einavdelings barnehage, men at den er inndelt i to basar etter alder på barna. Til trass for denne inndelinga, er det eit tett samarbeid mellom dei to basane. Det vart og peika på at det er mange delte stillingar i barnehagen. Dette vert ikkje opplevd som eit problem, tvert mot. Personalet er stabilt, og dei går inn som vikar når det er behov for det. I tillegg til det ordinære personalet har barnehagen fått lærekandidat. Det vart omtalt som positivt. Barnehagen sin vaktplan syner at Lykkelen er godt bemanna. Alle dei tilsette mynde snakka med peika på det gode samarbeidsklimaet i barnehagen. «*Det er ingen som sluttar her, sa dei*».

Eigar og styrar har ei tydeleg oppgåvefordeling seg i mellom. Tidlegare hadde eigar ei lita stilling som pedagog i barnehagen. Denne var no overført til styrar. Styrar sa at ho hadde nok tid til å få gjere dei ulike oppgåvene som ligg til styrarstillinga, både dei pedagogiske- og administrative oppgåvene.

Mynde fekk og informasjon om dei ulike møta i barnehagen, både pedlearmøte og personalmøte. Personalmøta var på kveldstid.

I meldinga om tilsyn ba rådmannen om å få tilsendt barnehagen sine vedtekter. Mynde peika på behov for nokre små justeringar. Dette vil eigar og styrar rette opp i.

Dei to pedagogiske leiarane fortalte om gode rutinar og eit godt samarbeid mellom dei to basane. Dei la vekt på at planane for det pedagogisk arbeidet var godt forankra i rammeplanen. Ei av pedagogane sa: «*Eg har aldri brukt rammeplanen så mykje som i denne barnehagen*». Begge var bevisste på refleksjon over eigen praksis, og dei fortalte om korleis dei rettleia personalet sitt. Fordi barnehagen er liten og oversiktleg er det rom for rettleiing «her og no», sa dei.

Barnehagen har ei lukka facebookside der foreldre nesten dagleg får informasjon om «livet» i barnehagen.

Sjølv om rådmannen hadde meldt tilsyn på § 2 i Barnehagelova, fokus på *ansvar og rollefordeling*, fekk mynde også eit godt innblikk i språkarbeidet i barnehagen. Satsingsområda i Lykkelen er DUÅ og språk, tekst og kommunikasjon. Hausten 2018 begynte dei tilsette i barnehagen med opplæring og implementering av språkløypene. Det vart og fortalt om korleis det vert jobba med dialogisk lesing, forteljarsamling, lesegrupper og språkleik. I forteljarsamlinga er det eit barn som fortel om noko det har med i barnehagen, eller noko han/ho er opptatte av. Mynde fekk og høre om spanande temaarbeid og musikkstund. Dei tilsette var bevisste på å bruke litteratur både på nynorsk og bokmål.

Ein av dei tilsette sa: «*Barnehagen er god fordi dei som jobbar her er engasjerte i ungane*».

## Konklusjon

Lykkelen barnehage oppfyller krava i Barnehagelova § 2 *Barnehagens innhold*. Tilsynet viser at rollane er avklarte og rutinane er på plass.

## Samsvar med Barnehagelova

Tilsynsnemnda har i tilsyn med Lykkelen barnehage ikkje avdekkta lovbroter.

Med helsing

Kristin Moe  
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta  
rådgjevar oppvekst

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Mottakarar:

Lykkelen Barnehage

Leitet 3

5911

ALVERSUND